



Pressemelding frå Kystvegen Ålesund – Bergen.

## **Viktige kystvegvedtak i Fylkestinget i Sogn og Fjordane**

Fylkestinget handsama den 6.4. ei sak om revisjon av investeringsbudsjettet for fylkesvegar. Bakgrunnen var dels at Bremanger sambandet (Bremanger II ) vil koste mindre enn budsjettert og ”alle” ville ha det som blei til overs, - og dels nokre akutte saker som måtte prioriterast, - m.a. eit stykke veg som datt på fjorden i Bygstad, ei bru som blei tatt av elva i Luster, og nokre andre mindre tiltak.

### **Leirgulen - Bortne**

Frå kystkommunane og frå Kystvegen har vi bedt om at den gamle vegen frå Leirgulen til Bortne vert opprusta i samband med gjennomføring av Bremanger II i staden for at parsellar av dårleg veg skal ligge att mellom parsellar av ny veg. Vegvesenet har også tilrådd at det blir utført no. Det vil koste rundt 40 mill å ta det no, ein god del meir dersom det skal takast att seinare. Dette blei vedteke! Leirgulen – Bortne blir ein del Kystvegen Ålesund – Bergen når ferjeleiet i ytre Nordfjord vert flytta (del av 45 min regionen)

### **Utbetring av Osstrupen bru i Flora Kommune**

Dette er ei bru på vegen mellom Eikefjord og Stavang. Kystvegen frå Florø til Askvoll vil bruke denne vegen når vi får etablert samband over Førdefjorden. Brua som blei bygt i 1976 hadde begynt å sige. No skal den bli fiksa.

### **Prinsippvedtak om Kystvegen.**

Fylkestinget gjorde, etter framlegg frå Venstre, eit prinsippvedtak om at Sogn og Fjordane har til intensjon å realisere Kystvegen. (mot 11 røyster. SP meinte at dette ikkje var rette tidspunkt for eit slikt vedtak). Kystkommunane fremja eit tilsvarande forslag då fylkeskommunen vedtok sin ”strategisk samferdsleplan” i 2010, men det blei ikkje teke med der. Sjølv om eit slikt prinsippvedtak ikkje automatisk betyr løyving, er det viktig at fylkestinget har gitt uttrykk for ein klar intensjon, - ikkje minst når vi bed om samarbeid frå fylkesadministrasjon, vegvesen og andre.

7/4-2011

EHj